



## Ledelsen

Organisering	Arbeidsfelt	Planer og dokumenter	Sentrale utvalg	Kontakt
Universitetsstyret	Om valget 2009	Planer	Forskningsutvalget	Adresse
Rektoratet	Universitetsstyrevalgene	Regelsamling	Utdanningsutvalget	Ansattkatalog
Universitetsdirektøren	for ansatte 2009 -	Strategisk plan	Læringsmiljøutvalget	Kollegiesekretariatet
	Resultater	Museumsprosjektet	Den sentrale	Universitetsdirektøren
	Pandemiberedskap	2014	klagenemnd	Dokumentsenter 1
	Christiekonferansen	Årsmeldinger	Redelighetsutvalget	
			Arbeidsmiljøutvalget	
			Likestilling	
			Det sentrale valgstyret	
			Stemmeveiledning ved	
			Studentparlamentsvalget	
			Røysterettleiing til	
			Studentparlamentsvalet	
			ved UiB, oktober 2009	
			Voting instructions for	
			the Student Parliament	
			election at UiB, October	
			2009	

🏠 → [Ledelsen](#) → [Planer og dokumenter](#) → [Årsmeldinger](#) → [Årsmelding 2008](#) → [Eit synleg forskingsuniversitet](#)

## Eit synleg forskingsuniversitet

### Føreord av rektor Sigmund Grønmo og universitetsdirektør Kari Tove Elvbakken.

Universitetet i Bergen (UiB) er eit forskingsuniversitet på internasjonalt høgt nivå. Forsking, utdanning og formidling er hovudmålet for verksemda, og fagleg breidde, mangfald og høg kvalitet er fundamentet.

Den målretta satsinga på kvalitet gjev god internasjonal utteljing. UiB har frå 2005 til 2008 klatra nesten 100 plassar på den årlege universitetsrangeringa til Times Higher Education Supplement. UiB er no på lista over dei 100 beste universiteta i Europa. Den gode utviklinga syner òg igjen i statistikken for forskingspublisering: Den samla publiseringa ved UiB auka med over fire prosent frå 2007 til 2008.

I mars 2008 opna Senter for geobiologi som tek mål av seg å utvikle ny kunnskap om interaksjon mellom geosfæren og biosfæren, og opphavet til livet. Med dette fekk UiB sitt fjerde senter for framifrå forskning.

2008 var eit merkeår for forskarutdanninga. Totalt disputerte 233 kandidatar innanfor doktorgradsprogramma - det høgaste talet nokosinne. Ekstra bra er det at over halvparten av desse, 120, var kvinner - ein rekordhøg kvinnetal. Det er òg viktig å merke seg at UiB lukkast med å rekruttere yngre, utanlandske forskarar. Om lag 30 prosent av dei nye doktorane er utanlandske. Ein ny handlingsplan for forskarutdanninga blei òg vedteke og vil ytterlegare styrke UiBs satsing på forskning og utdanning.



Rektor Sigmund Grønmo og universitetsdirektør Kari Tove Elvbakken

### TILHØRER

→ [Ledelsen](#)

### Årsmelding

og utdanning.






Fjoråret vitnar om at arbeidet med å utvikle god forskings- og undervisningsbygg ber frukter. Det nye Studentsenteret blei opna med ei stor markering i mai, og mange års kamp for å få gjennomslag for eit nytt Odontologibygge blei løna med oppstartsmidlar i Statsbudsjettet. I 2008 blei planane om å rehabilitere den monumentale hovudbygningen ved Bergen Museum til eit flott kultur-, formidlings- og representasjonsbygg etablerte. Målet er at dette prosjektet skal vere ferdig til grunnlovsjubileet i 2014, og planane har allereie fått viktige midlar frå regjeringa.

UH Nett Vest, eit formelt nettverkssamarbeid mellom UiB og høgskulane i Bergen, Stord/Haugesund og Sogn og Fjordane, blei etablert i januar 2008. Lærestadane samarbeider om ulike forskings- og utdanningsprosjekt. Frå 2009 er òg Høgskulen i Volda med i nettverket.

Verksemda og resultatane i 2008 gjev eit godt grunnlag for den vidare utviklinga av Universitetet i Bergen som internasjonalt synleg forskingsuniversitet.

*Sigmund Grønmo, rektor*

*Kari Tove Elvbakken, universitetsdirektør*

Del på	 Facebook	 Del.icio.us	 Google Bookmarks
	Tips en venn		Skriv ut

© 2009 Universitetet i Bergen | Ledelsen

Adresse: Postboks 7800 5020 BERGEN

Besøksadresse: Museplass 1

Telefon: 55582000

Faks: 55589643

Ansvarlig for denne siden: Ledelsen

Kontakt: [post@udir.uib.no](mailto:post@udir.uib.no)

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren



## Ledelsen

Organisering	Arbeidsfelt	Planer og dokumenter	Sentrale utvalg	Kontakt
Universitetsstyret	Om valget 2009	Planer	Forskningsutvalget	Adresse
Rektoratet	Universitetsstyrevalgene	Regelsamling	Utdanningsutvalget	Ansattkatalog
Universitetsdirektøren	for ansatte 2009 -	Strategisk plan	Læringsmiljøutvalget	Kollegiesekretariatet
	Resultater	Museumsprosjektet	Den sentrale	Universitetsdirektøren
	Pandemiberedskap	2014	klagenemnd	Dokumentsenter 1
	Christiekonferansen	Årsmeldinger	Redelighetsutvalget	
			Arbeidsmiljøutvalget	
			Likestilling	
			Det sentrale valgstyret	
			Stemmeveiledning ved	
			Studentparlamentsvalget	
			Røysterettleing til	
			Studentparlamentsvalet	
			ved UiB, oktober 2009	
			Voting instructions for	
			the Student Parliament	
			election at UiB, October	
			2009	

🏠 → [Ledelsen](#) → [Planer og dokumenter](#) → [Årsmeldinger](#) → [Årsmelding 2008](#) → [Forskning, utdanning og formidling](#) → [Forskning](#)

## Forskning

**Universitetet i Bergen gjer det stadig betre, også sett med internasjonale auge. Sjølve hovudparolen for arbeidet vårt er at UiB skal vidareutviklast som eit internasjonalt synleg forskingsuniversitet.**

Det gode arbeidet kjem mellom anna til uttrykk i dei årlege internasjonale universitetsrangeringane frå [Times Higher Education](#). Sidan 2005 har UiB rykka nesten hundre plassar opp på denne lista - til 227. plass. UiB er no blant dei hundre beste universiteta i Europa.

### Rekordmange doktorar

233 tok doktorgrad ved UiB i 2008. Det er 31 fleire enn i 2007, og det høgaste talet nokon gong. Resultatet må knytast til det langsiktige arbeidet for å vidareutvikle kvaliteten i forskarutdanninga – høg aktivitet ved doktorgradsprogramma på fakulteta og arbeidet ved forskarskulane. Arbeidet vil bli ytterlegare styrkja etter vedtaket om ein handlingsplan for forskarutdanninga. Denne planen er ferdigstilt i 2008, og inneheld mellom anna fleire tiltak som skal sikre tettare oppfølging av kandidatane.

120 av doktorane er kvinner. For fyrste gong er kvinnedelen over 50 prosent.

Om lag 30 prosent av dei nye doktorane er utanlandske. Dette bidreg til at UiB blir meir synleg som internasjonalt forskingsuniversitet.

Mange av deltarane har vore lurt til å leitar ut finansiering for forskingsprosjekt. Ved



Aldri har fleire tatt doktorgrad ved UiB enn i 2008. Foto: iStockphoto

### TILHØRER

→ [Ledelsen](#)

## Årsmelding

Mange av doktorane har vore knytt til eksternt finansierte forskingsprosjekt. Ved inngangen til 2009 var 645 doktorgradsstipendiatar tilsett ved UiB, 443 av dei tilsett med midlar frå den statlege basisløyvinga.

Sjølv om talet på doktorar er rekordhøgt, har gjennomføringstida auka. Snittet låg i 2008 på 5,2 år, mot 4,7 år i 2007. Årsakene til dette skal analyserast nærare i løpet av våren 2009.

### **Fleire stipendiatar**

I 2008 har UiB jobba for betre utnytting av stipendiatstillingane, og ved utgangen av året var det tilsett stipendiatar i nær alle tildelte stillingar.

Hausten 2008 var det 346 eksternt finansierte stipendiat- og postdoktorstillingar ved UiB – klart betre enn målsetjinga på 322.

### **Hovudsatsingar**

Marin forskning og utviklingsforskning er UiB sine [hovudsatsingar](#). Dette ligg fast. Det same gjeld arbeidet med å få fram nye lovande forskingsmiljø- og tema.

UiB ønskjer fleire forskingsmiljø med potensial til å bli internasjonalt leiande på sine område. Målet er at ein skal identifisere fleire slike innan utgangen av universitetet sin strategiperiode (2005-2010).

#### *Marin forskning*

I januar 2008 vart [Bergen marine forskingsklynge](#) etablert. Dette er eit samarbeid mellom åtte sentrale forskingsinstitusjonar i bergensområdet. Ved hjelp av tverrfagleg samarbeid, fagleg kompetanse og høgteknologisk utstyr, skal samarbeidet plassere Bergen som eit internasjonalt tyngdepunkt innan marin forskning.

Strategiutvalet for marine fag vart utvida med representantar frå fleire fakultet i 2008.

Den marine forskinga fekk i overkant av 200 millionar kroner frå [Forskningsrådet \(NFR\)](#) i 2008. Dette er om lag halvparten av UiB si samla tildeling frå NFR.

I løpet av dei fire siste åra har om lag 24 prosent av den samla doktorgradsproduksjonen ved UiB skjedd innanfor marin forskning.

#### *Utviklingsrelatert forskning*

Denne satsinga omfattar forskning for å forstå samanhengar og endringsprosessar på globalt, regionalt og lokalt nivå. Dette involverer svært mange fagfelt ved universitetet. Blant anna er både sosiale prosessar, menneskerettar, juridiske spørsmål, helse, klima og økologi viktige tema.

For å styrke dette viktige fagfeltet vart det i 2008 danna eit strategiutval for utviklingsforskninga, med medlemmar frå fleire fakultet.

I 2008 har ein arbeid for å få eit tettare samarbeid mellom [CMI](#) og fagmiljøa ved UiB. Fleire fagmiljø skal i løpet av 2009 flytte inn i eit nytt bygg. Dette vil samle utviklingsforskninga i Bergen. Bygget skal brukast av CMI, Det juridiske fakultet, Unifob Global og Senter for Midtausten og islamske studiar.

Ein av ti doktorgradar ved UiB dei fire siste åra har handla om utviklingsforskning.

### **UiB utvidar nettverket**

1. januar 2008 vart [UH Nett Vest](#) etablert. Dette er eit formelt nettverkssamarbeid mellom UiB og høgskulane i Bergen, Stord/Haugesund og Sogn og Fjordane. Forutan å styrke den faglege kvaliteten ved kvar enkelt institusjon, er målet at institusjonane saman skal ta ei tydeleg regional, nasjonal og internasjonal rolle når det gjeld utdanning og forskning.

Avtalen gjeld for fem år framover. Konkrete samarbeidsprosjekt er i gang. I 2008-2009 er hovudfokuset på lærarutdanning og forskningssamarbeid.

### **UiB sine forskingselskap**

Universitetet er hovudeigar i to forskingsaksjeselskap, [Unifob AS](#) og [Christian Michelsen Research AS](#) (CMR).

Unifob er organisert i ulike avdelingar som til saman dekkjer den faglege breidda ved UiB. Selskapet har om lag 560 tilsette, fordelt på cirka 440 årsverk.

Unifob gir UiB betre moglegheiter til å konkurrere om større prosjekt frå industrien, EU og Forskningsrådet. Selskapet står overfor betydelege økonomiske utfordringar. Sjølv om verksemda liknar på institutt i instituttsektoren, manglar det grunnfinansiering. UiB meiner at statleg basisfinansiering må på plass.

Christian Michelsen Research AS si verksemd er knytt til olje og gass, fiskeri, miljø, tryggleik og beredskap samt ny energiteknologi. Bergen har i starten av 2009 fått nye forskingssenter innanfor miljøvenleg energi. Dette er resultat av samarbeid mellom UiB, CMR og Unifob, og representerer ei langsiktig forskingsatsing på fornybar energi.

## Internasjonalisering

[Worldwide Universities Network](#) (WUN) vart danna i 2000 og er i dag ein global allianse av 18 leiande forskingsuniversitet i USA, Canada, Australia, Kina og Europa.

UiBs medlemskap i WUN gir våre forskingsmiljø ei institusjonell ramme for å engasjere seg i utviklinga av internasjonale forskingsprosjekt, doktorgradssamarbeid, utveksling av yngre forskarar og stipendiatar m.m. Forskarar og stipendiatar frå ulike fakultet og forskingsmiljø på UiB er i dag involvert i fleire WUN-samarbeidsprosjekt, eksempelvis:

- Critical Global Poverty Studies
- Paleo Arctic Climate and Environment
- Earth Systems
- Multilingualism and Medieval Studies
- Education Research
- World Heritage Media

Fleire av desse prosjekta er igjen samla under to av dei store tematiske forskingsområda av global betydning ("Global Challenges") som WUN har identifisert som innsatsområde for nettverket i åra framover - Adapting to Climate Change og Furthering the Frontiers of Cultural Understanding.

## Økonomi

### *Korleis finansiere grunnforskninga?*

UiB meiner at det er svært viktig å styrke finansieringa av grunnforskninga. Ein stor del av pengane frå Forskningsrådet og EU sine rammeprogram går til programmatisk satsing, og er i liten grad øyremerkte grunnforskning. Manglande finansiering er særleg problematisk for dei universiteta der grunnforskning er, og skal vere, ein kjerneaktivitet.

UiB har difor utforma ei støtteordning for frie, forskarinitierte prosjekt som ikkje får løyvingar frå Forskningsrådet. I 2008 fekk 24 prosjekt slik støtte.

### *Tildelingar frå Forskningsrådet*

UiB hadde som mål å få 372 millionar kroner frå [Forskningsrådet](#) (NFR) i 2008. Resultatet vart 310 millionar. Hovudårsaka er at NFR valde å halde tilbake delar av forskotet i eit forsøk på å byggje ned dei samla overføringane i sektoren.

Om lag 340 prosjekt fekk pengar frå NFR i 2008. Dei store programma innanfor naturvitskap og medisin tilfører ein stor del av midla. Det same gjeld UiB sine fire [senter for framifrå forskning](#).

### *Tildelingar frå EU*

Deltaking i [EU sine rammeprogram](#) er viktig for eit internasjonalt forskingsuniversitet. Søknadsaktiviteten var i 2008 noko lågare enn året før. Det kjem av at det var færre aktuelle utlysingar med søknadsfristar i 2008.

Det var eit mål å forhandle fram 15 EU-kontraktar i 2008, og målet er nådd. I tillegg har 17 nye prosjekt med deltaking frå UiB fått invitasjon til kontraktsforhandlingar. Heile 16 av desse vil vere knytt til Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet.

UiB har best tilslagsrate av dei norske universiteta, ifølgje Forskningsrådet si foreløpige oversikt.

### *Annan finansiering*

I tillegg til midlar frå EU og Forskingsrådet, har UiB bidrags- og oppdragsverksemd finansiert av ulike kjelder. Ulike statlege etatar er den største posten, med vel 100 millionar kroner. Private aktørar bidrog i 2008 med nærare 59 millionar kroner.

UiB har eit omfattande samarbeid med Helse Vest om utdanning og forskning. [Samarbeidsorganet](#), der også Universitetet i Stavanger og høyskulane i regionen deltek, styrkar det faglege samarbeidet i helseregionen og fordeler midlar til klinisk forskning og helseforskning ved UiB.

83 millionar kroner vart fordelt i 2008. 71 nye prosjekt fekk pengar, og 45 var ført vidare. I tillegg er 43 doktorgradsstipend og 19 postdoktorstipend ført vidare. Tildelingane frå Helse Vest er ein del av bakgrunnen for den sterke auken i nye doktorgradar ved Det medisinsk-odontologiske fakultetet.

Del på  Facebook  Del.icio.us  Google Bookmarks



Tips en venn



Skriv ut

© 2009 Universitetet i Bergen | Ledelsen

Adresse: Postboks 7800 5020 BERGEN

Besøksadresse: Museplass 1

Telefon: 55582000

Faks: 55589643

Ansvarlig for denne siden: Ledelsen

Kontakt: [post@udir.uib.no](mailto:post@udir.uib.no)

Ansvarlig redaktør: Formidlingsdirektøren

# Utdanning

Utdanningsavdelinga har mellom anna ansvar for administrasjon knytt til studentrekruttering, studieinformasjon, opptak og mottak av studentar, eksamensadministrasjon, etter- og vidareutdanning, internasjonalisering og kvalitetssikring av studia.



UiB var fyrstevalet til 7383 søkjarar hausten 2008. Foto: Paul-Erik Rosenbaum

## Studenttal og resultat

Hausten 2008 var det registrert 13.600 studentar ved Universitetet i Bergen.

### *Studentrekruttering, opptak og mottak*

UiB sin handlingsplan for studentrekruttering blei fylgt opp i 2008. Det blei og utvikla ny handlingsplan for 2009. Informasjon om studietilbodet vart presentert på utdanningsmesser og skular i brosjyrar og foldarar. Ei vidare utvikling av web-informasjon blei òg prioritert.

Det vart lyst ut 3671 studieplassar ved UiB gjennom Samordna Opptak. Totalt hadde 7383 søkjarar Universitetet i Bergen som sitt fyrsteval ved hovudopptaket av norske studentar til lågare grad hausten 2008. Det er ein reduksjon frå 7467 på same tid i 2007.

Det vart arrangert introduksjonsveke for alle nye internasjonale studentar både våren og hausten 2008, og eit samla mottak for alle dei norske studentane hausten 2008. Mottaket la vekt på informasjon og sosial integrering mellom anna gjennom ei tilrettelagt mottaksveke og tilbod om deltaking i faddergrupper.

### *Studiegjennomføring og fråfall*

Når det gjeld registrert studiegjennomføring i høve til avtalt utdanningsplan for studentane, har dette talet flata ut på eit høgt nivå etter å ha auka relativt kraftig år for år.

Våren 2008 blei det laga ein statusrapport om fråfall. Rapporten syner at over 40 prosent av studentane som byrjar på eit bachelorgradsstudium, ikkje oppnår ei grad ved UiB. Arbeidet med å kartleggja årsaker til manglande studiegjennomføring og

foreslå moglege tiltak for å auka talet på oppnådde grader heldt fram utover i 2008, og skal munna ut i ein rapport innan slutten av 2009.

#### *Internasjonal studentmobilitet*

Talet på utreisande studentar gjennom utvekslingsavtalar og program gjekk litt ned frå 2007 til 2008 (minus 60), medan talet på innreisande studentar gjekk litt opp (pluss 64).

Arbeidet med å utvikle og betre rutinar og reglement for administrasjon av studentmobilitet for studentar heldt fram i 2008. Eit arbeid for å førebu rutinar for oppretting og drift av internasjonale fellesgrader vart vidareført.

I 2008 vart fire internasjonale fellesgrader drifta, og det vart oppretta to nordiske fellesgrader som startar i 2009.

Me har arbeidd med innføringa av det nye EU-programmet for livslang læring. Programmet omfattar både studentar, tilsette, lærarar og forskarar. Arbeidet med å utnytte moglegeheitene i programmet meir effektivt er sett i gang.

Det er også arrangert ei rekkje møter for internasjonale kontaktpersonar på fakultet og institutt om aktuelle tema innanfor internasjonalisering og studentmobilitet.

## **Studiekvalitet**

#### *Utdanningsmelding*

Grunna omlegging av utdanningsmeldinga frå studieår til kalenderår, vart det ikkje laga utdanningsmelding for 2007/2008. Meldinga for 2008 og haust 2007 kjem våren 2009.

#### *Forbetring av Kvalitetssikringssystemet - Samdalutvalet*

Utdanningsutvalet bad i desember 2007 eit utval om å gjennomgå og koma med framlegg til forbetringar av kvalitetssikringssystemet for utdanning. Utvalet, som vart leia av visedekan Oddrun Samdal, leverte si innstilling i november 2008. Denne vart så sendt på høyring til fakulteta og studentrådet.

#### *Program for evaluering og kvalitetsutvikling (PEK) inkludert Studiekvalitetspris*

Eitt av dei spesielle satsingsområda som sidan 1997 er blitt tildelt årlege midlar, er "Program for evaluering og kvalitetsutvikling". Totalt vart det løyvt kr. 1.311.000 gjennom programmet, inkludert "Ugleprisen" for godt studiekvalitets- og utviklingsarbeid ved Universitetet i Bergen. Denne prisen gjekk i 2008 til Det samfunnsvitskaplege fakultet for fakultetet sitt internasjonaliseringsarbeid.



### *Studiekvalitetsseminar*

Studiekvalitetseminaret i 2008 vart arrangert 6. november, og tema for seminaret var etikk i utdanninga.

### *Arbeidet med læringsutbyteomtaler*

Fakulteta er bede om å gjere greie for status med revidering av studieplanane og emneomtaler, særleg arbeidet med læringsutbyteomtaler.

### *Sensorordningar*

Det er i 2008 utarbeidd framlegg til justering av studiereglementet som klargjer kravet til ekstern sensur gjennom bruk av "bedømmarsensor" eller "programsensor".

### *Læringsmiljø*

To temamøte med fokus på universell utforming ved UiB vart gjennomførte i samarbeid med Læringsmiljøutvalet, eit om bygningar og uteområde og eit om universell utforming av IKT. Den første Læringsmiljøprisen for UiB vart lyst ut i november, med frist for nominering 1. mars 2009.

### *Studentarbeidsplassar*

2 millionar kroner av "kvileskjersmidlane" vart hausten 08 fordelt til opprusting av studentarbeidsplassar, inkludert trådløst nett.

### *Engasjement i nasjonale og internasjonale fora.*

Det er halde fleire foredrag på nasjonale og internasjonale konferansar, og Universitets- og høgskolerådet si arbeidsgruppe som undersøker bruken av den nasjonale karakterskalaen, har blitt leia av ein av dei tilsette.

## **Studentsørvis**

Talet på studentekspedisjonar har som venta stabilisert seg rundt 21.000 (21.105 i 2007 og 21.525 i 2008). Arbeidet med integrering av tenester til ulike studentgrupper er fylgt opp i 2008. Målet om å profesjonalisere førstelinetenesta og å auke kvaliteten på rettleiingstenester til dei ulike studentgruppene er langt på veg nådd.

Universitetet er framleis sterkt representert i fleire nasjonale fora som vurderer tiltak for å betre læringsmiljøet for studentar med nedsett funksjonsevne. Det nasjonale arbeidet for å sikre studentar med synshemming tilgang til studielitteratur vart vidareført i 2008, og utstyr er under testing. Det blir og arbeidd for å leggje til rette intranettet for studentar (Mi side) for synshemma. Vidare er arbeidet med "Universell utforming" fylgt opp i 2008.

Sørviserklæringa for Universitetet i Bergen har blitt revidert. Erklæringa er eit oversyn

over tilbud, tenester og hjelp som universitetet forpliktar seg til å gi ein student, og kva universitetet forventar seg av studenten med omsyn til studieåtfærd og innsats.

## **Systemforvaltning**

### *IKT-støtte*

Det har i 2008 vore fokus på å få til ein god overgang til drift for Mi side. Ein del større og mindre endringar og forbetringar av eksisterande funksjonar i systemet er gjennomført med eit særleg fokus på elektronisk innlevering av oppgåver.

### *Felles Studentsystem*

I 2008 vart ein ny modul, vurderingsmodulen, teken i bruk i FS ved UiB. Med denne modulen tilfredstillar dette studieadministrative systemet alle endringane som kom med Kvalitetsreforma fullt ut.

# Formidling

Universitetet i Bergen er ei forskingsbasert drivkraft i samfunnet. Det er eit klart mål at forskingsresultat skal bli gjort synlege for omverda på ein god måte. Den primære målgruppa for universitetet si formidling er det kunnskapssøkjande publikum både nasjonalt og internasjonalt.



Forskningsstasjonen "Språknøttene" fra Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier i telt på Festplassen under Forskningsdagene 2008. Amanuensis Ivar Utne som "språkorakel". Masterstudent Marthe Hatlen Grønsveen med plakat. Foto: Paul Sigve Amundsen

## uib.no i ny drakt

Arbeidet med UiB sin nye eksternweb før lanseringa har ført til ei sterk merksemd i organisasjonen om å vera synlege på nettet. Eksternwebprosjektet har gjennom heile 2008 bygd opp eit nettverk med redaktørar for dei ulike fakulteta og institutta. Uib.no er no langt meir brukarvenleg både når det gjeld produksjon og visning av innhald. Utvikling av godt innhald på dei nye nettsidene held fram i 2009.

## Forskarane og fakulteta sitt ansvar

Fleire fakultet har styrkja formidlingsarbeidet på nye måtar i 2008. Det humanistiske og Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet har tilsett eigne koordinatorar for forskingsformidling.

Det er forskarane sjølve som står for det viktigaste formidlingsarbeidet. Rapportering av publikasjonar til [FRIDA-databasen](#) er eit viktig verktøy for forskarane. Her blir populærvitenskaplege artiklar, kronikkar, foredrag og anna deltaking i media registrert. Sidan det ikkje er knytt same insentiv til desse aktivitetane som til rapportering av vitenskaplege publikasjonar, er det ein fare for underrapportering.

## Kanalar for formidling

Forskningsformidling til ålmenta vert i stor grad teken hand om gjennom UiB sine eigne medium [På Høyden](#) (nettavis) og magasinet Hubro. Begge desse kanalane legg også ut stoff til den nasjonale nettstaden [forskning.no](#), der UiB er medlem. I 2008, som i åra før, var UiB den medlemsinstitusjonen med flest oppslag i forskning.no.

Medierådsseksjonen ved [Formidlingsavdelinga](#) sørgjer også for at forskarar og forskingsresultat vert synlege i media. Gjennom tett kontakt med media og forskarar,

kronikkurs, mediehandteringskurs og liknande, arbeider medierådgevarane for at UiB i størst mogleg grad er synleg i nasjonale og internasjonale media, og tek del i samfunnsdebatten. Alle doktorgradar vert omtalt i pressemeldingar frå Formidlingsavdelinga.

I 2008 produserte [Univisjon](#) ein 50-minutt lang TV-dokumentar - "[Jakta på polarstormen](#)". Den vart vist på NRK1 med heile 580 000 sjåarar. Det vart også produsert oppdragsfilm knytt til forskingssektoren. Informasjonsfilmen "Eldre og helse" vart også slutført. Ein DVD skal gjennom eit gruppeopplegg gi eldre forskningsbasert informasjon om helse.

## Barn og unge

UiB meiner det er svært viktig å nå ut til barn og ungdom. Også i 2008 har vi satsa store ressursar på dette. [Forskningsdagene i Bergen](#) er ein tradisjon, og tema for 2008 var "Gjennom eld og vatn". Det same er [Holbergprisen i skolen](#), som er knytt til tildelinga av Holbergprisen kvart år. UiB held også fram med aktivitetar på [VILVITE \(Bergen vitensenter\)](#), som vart etablert i 2007.

Mediedekninga av Forskningsdagene i Bergen i 2008 var svært god. Det var 160 oppslag i lokale og riksdekkjande media, både før og under dagane. Dagbladet hadde ein kronikkserie der UiB hadde to bidrag. Fleire av skuleprosjekta fekk oppslag. Kunnskapsfesten – det største arrangementet, med om lag 4 000 frammøtte – vart grundig dekt i media.

## Kommersielle produkt

Kommersialisering av forskingsverksemd gjennom innovasjon og nyskaping er ein del av universitetets formidlingsoppdrag.

Dette arbeidet skjer gjennom selskapet [Bergen Teknologioverføring AS](#) (BTO). I 2008 har selskapet motteke 50 idear frå UiB sine tilsette. Det er betydeleg fleire enn tidlegare år. Så langt har resultatet av desse ideane vorte seks kommersialiseringar (dvs. bedriftsetableringar og lisensar). Det er godt over målsetjinga, men UiB ønskjer likevel å auke tilfanget av idear.

I mai 2008 var BTO vertskap for den årlege [ASTP-konferansen](#) (Association of European Science & Technology Transfer Professionals), med rekordstor deltaking og svært gode tilbakemeldingar. BTO har i tillegg vore medarrangør for ei rekkje konferansar, hatt møte med enkeltforskarar, ulike institutt og fagmiljø. Til saman har BTO hatt foredrag og presentasjonar for meir enn 4.000 personar i løpet av året som er gått. Ved inngangen til 2009 har BTO ein svært sterk portefølje som det er venta ny kommersialisering frå.

I 2008 vart det arbeidd med å lage ein handlingsplan om UiB sitt forhold til omverda. Det er eit mål å få ei meir systematisk prioritering av dei viktigaste relasjonane til næringslivet, kulturlivet og samfunnslivet. Denne planen blir gjort ferdig i 2009.

# Det humanistiske fakultet

Utadretta verksemd er ein fellesnemnar for mange av høgdepunkta ved Det humanistiske fakultet i 2008.



## HF-fakultetet

Mellom anna har det vore eit godt publiseringsår. Totalt vart det oppnådd 382,89 publikasjonspoeng ved fakultetet.

Blant institutta utmerka [AHKR](#) (Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap) og [LLE](#) (Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar) seg med høvesvis 137,2 og 100,7 poeng.

Det gjer AHKR til den grunneininga med flest poeng ved UiB i høve til talet på tilsette. Men også dei andre institutta og sentra oppnådde gode resultat.

## Fekk prisar

I mars fekk professor i kunsthistorie Siri Meyer [Meltzerprisen](#) for framifrå formidling. I tillegg til å drive aktivt med tradisjonell forskingsformidling i form av bøker, artiklar og foredrag, har Meyer også vore ein føregangsfigur når det gjeld å prøve nye medium og arenaer for formidlinga. Ho har brukt teaterscena, utstillingar og narrativ sakprosa i kunnskapsformidlinga si med stort hell.

Sverre Bagge, professor ved Senter for mellomalderstudiar, var ein av to som [fekk tildelt Forskningsrådet sin pris for framifrå forskning, Møbiusprisen, i september](#). Bagge vart skildra som ein fagleg fornyar og leiande mellomalderhistorikar med svært godt internasjonalt ry.

Institutt for filosofi og førstesemesterstudiar fekk tildelt 175.000 kroner i PEK-midlar (Program for evaluering og kvalitetsutvikling) frå UiB sentralt. Pengane skal brukast til å kartleggje, utvikle og prøve ut tiltak knytt til etikk i utdanninga. Vidare skal det utarbeidast undervisningsopplegg på bakgrunn av det som kjem fram i kartlegginga.

## Bergen Summer Research School

Det humanistiske fakultet deltok også på årets [Bergen Summer Research School](#) med kurset *Rich and poor countries: Global History Matters*. Ansvarlege for kurset

var førsteamanuensar Camilla Brautaset og Eivind Seland frå historie ved AHKR, samt Regina Grafe ved Northwestern University i USA.

Kurset gav ti studiepoeng. Det var tolv deltakarar frå ulike land; Uruguay, Panama, Brasil, Norge, Rwanda, Argentina, Armenia, Ghana og Ecuador.

Kurset besto av forelesingar og workshops der deltakarane fekk presentere sine ulike prosjekt.

## **Musikkterapi**

Eit fagmiljø ved Det humanistiske fakultet som på mange måtar har hatt eit godt år, er musikkterapi.

Dette vart etablert som fag ved fakultetet i 2006, og har sidan hatt ei spennande utvikling både når det gjeld utdanning og forskning. Alle kandidatar ved både årsstudiet og masterstudiet har gjennomført på normert tid.

Fagmiljøet har utstrekt kontakt med omverda, både lokale institusjonar og internasjonale samarbeidspartnarar. Mellom anna er det inngått ei tiårig avtale med Routledge om publisering av [Nordic Journal of Music Therapy](#).

Musikkterapi miljøet har også samarbeidsprosjekt gåande med Kriminalomsorg Vest, fleire ulike distriktspsykiatriske senter og sjukeheimar. I tillegg til publisering i tidsskrift og bøker, er det gjennomført ei rekkje kurs og seminar med musikkterapi miljøet som hovud- eller medarrangør.

## **Internasjonalt arbeid**

Som alltid har internasjonalisering vore eit prioritert område ved fakultetet. Dette har gitt gode resultat også i 2008.

[Griegakademiet](#) kan trekkjast fram som eit godt døme på dette, ved instituttet vart det i løpet av året sett i gang fleire tiltak på dette feltet. Det vart oppretta eit internasjonalt diplom i utøving eller komposisjon. Dette er eit eittårig tilbod på høgt instrumentelt nivå for internasjonale studentar.

Det vart etablert ei kvoteprogramavtale med Musikkakademiet i Baku i Aserbajdsjan.

Og det har vorte inngått samarbeid med ein av verdas leiande musikkutdanningsinstitusjonar, Musikkonservatoriet i Moskva.

Griegakademiet har også hatt ei stor auke i lærarutveksling i 2008.

# Det juridiske fakultet

Sterkere internasjonal satsing og arbeid med å styrka finansieringsgrunnlaget har vore viktig i 2008.



Det juridiske fakultet Foto: Paul-Erik Lillholm

## Forsking

I 2008 har fakultetet hatt sterkt fokus på arbeidet med å styrka finansieringsgrunnlaget for verksemda. Etter eit par år med nedgang i eksternfinansieringa, viste 2008 og første delen av 2009 tendensar til auke i eksternfinansieringa. Vi viser også til punktet "Anna" nedanfor.

[Demokrati og rettsstat](#) vart oppretta som ei tverrfakultær UiB-satsing i 2007. I 2008 kom arbeidet i gang med ein professor frå fakultetet som koordinator i om lag ein tredels stilling. Som ein del av satsinga vart fakultetet tildelt ei postdoktorstilling der det vil skje tilsetjing våren 2009. Det vart sett i gang ein godt besøkt seminarserie frå og med hausten 2008, med midlar frå samarbeidsfondet CMI/UiB.

Ein av fakultetet sine unge forskarar nådde opp i skarp konkurranse om midlar i Bergen forskningsstiftelse sitt program "fremtidens forskningsledere" med det treårige prosjektet "[Criminal Law Theory - A New Norwegian Approach](#)". Prosjektet kjem i gang i mars 2009.

Det lukkast å få finansiering frå Noregs Forskingsråd til eit større prosjekt i erstatningsrett.

I 2008 vart forskargruppa for ressursforvaltings-, miljø- og utviklingsrett løyvd ein million kroner over to år i internasjonaliseringsmidlar frå Bergen Forskningsstiftelse.

I 2008 søkte ein Forskingsrådet ([FRIMUF-programmet](#)) om midlar til eit tverr- og fleirfagleg forskarprosjekt der målet er å analysere det rettslege rammeverket for bevaring av biodiversitet og økosystem i Himalaya (Nepal). Prosjektet er eit samarbeid mellom Institutt for biologi, UiB og Det juridiske fakultet. Prosjektet fekk midlar frå Forskingsrådet og inneber éi stipendiatstilling og ein del driftsmidlar til fakultetet.

I regi av Noregs Forskingsråd vart det i 2008 sett i gang ei nasjonal evaluering av rettsvitenskap. Resultatet av evalueringa vil vera klart hausten 2009.

Grunna arbeidet med ressursutgreiinga (sjå under), vart ikkje arbeidet med å reorganisera forskargruppene i færre og meir slagkraftige grupper fullført som planlagt i 2009.

Fakultetet hadde i 2008 seks doktorandar. Det er ny rekord. Fakultet har i ei årrekke i snitt hatt tre doktorandar, og på det meste fire.

## **Utdanning**

Fakultetet har i 2008 arbeidd med oppfølging av NOKUT-rapporten i samband med reakkrediteringa av masterstudiet i rettsvitenskap. Som følgje av dette er det internasjonale fokuset på studiet styrka, og ordningane for internasjonalisering er vidareutvikla gjennom ein vesentleg auke i engelskspråklege spesialemne, betra kontakt mellom norske og utanlandske studentar med meir.

I målskildringa for studiet, som er under revisjon, vil det koma betre fram at studiet tek sikte på å utdanna kandidatar for ein internasjonal, så vel som ein nasjonal arbeidsmarknad. Dette vert kombinert med ein gjennomgang av studieordninga for å sikra samsvar mellom målsetting og realitet.

Talet på innreisande og utreisande studentar har auka monaleg i 2008. Nær 30 prosent av avgangskulla vel å ta heile eller delar av 5. studieår i utlandet, noko som er langt over universitetet si målsetting på 20 prosent.

Fakultetet har i fleire år arbeidd for å få høve til å oppretta studieprogram som vil føra fram til LLM-graden. Kunnskapsdepartementet ga i 2008 Universitetet i Bergen høve til å tildela ein

1 ½-årig LLM-grad (90 studiepoeng) med undervisning som strekkjer seg over tre semester. Fakultetet har byrja arbeidet med utforming av konkrete engelskspråklege studieprogram innanfor denne graden.

Fakultetet vedtok i 2007 å byggja opp eit undervisningstilbod i alternativ tvisteløysing. Dette vart konkretisert i 2008 ved at Nordens fremste innanfor dette feltet, professor Vibeke Vindeløv, Københavns Universitet, vart tilsett som professor II. Det første kurset i alternativ tvisteløysing vart halde hausten 2008.

Diverre gjekk det i 2007 og 2008 mykje ressursar med til å handsama saker om kopiering av innleveringsoppgåver i Kark. Fakultetet har styrka innsatsen for å gje informasjon og opplæring i grensa mellom tillaten bruk av andres materiale og det som må reknast for fusk. Det er sett i verk nye kontrollrutinar for å avdekka fusk av denne typen.

## **Anna**

Fakultetet har gjennom ein eigen oppnemnd komité i 2008 utført ei utgreiing av ressursituasjonen ved Det juridiske fakultet. Komiteen har talfesta kva som skal til for at fakultetet skal kunna løysa oppgåvene sine og oppfylle dei krava og forventningane som vert stilte til eit moderne juridisk fakultet. Utgreiinga vil verta nytta i arbeidet med å styrka fakultetet sin ressursituasjon.





# Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

Polarekspedisjonar, nye forskarskular og verdas nordlegaste varmekjelde er noko av det fakultetet sysla med i 2008.



Polarårprosjektet "Klasserom på drivisen": Elevane Agnes Aune (t. v.) frå Vestby og Maria Andersen (t. h.) frå Andøya vert instruerte av mastergradsstudenten Eli Anne Ersdal i behandling av ei iskje. Luftputefartøyet i bakgrunnen. Foto: Yngve Kristoffersen



Samarbeid i Sudan: Frå venstre: Joachim Jacobs, GEO, Daniel Ladu Tartisyo, Univ. Juba, Joachim Reuder, GFI, Kuvvet Atakan, GEO, Paul Guli, Univ. Juba, og Alrasheed Warage, Khartoum, Sudan. Foto: Robert Deng, Univ. Juba.

## Verdas nordlegaste varmekjelde oppdaga

Den 12. juli oppdaga forskarar ved Senter for geobiologi, leia av prof. Rolf-Birger Pedersen, [ei av verdas største varmekjelder](#). Den ligg på 2400 meters djup i Norskehavet. Feltet - som er ein oase av liv - vart funne på den Midt-Atlantiske rygg omkring 300 km vest for Bjørnøya.

På verdsbasis har ein tidlegare funne om lag 15 slike varmekjelder på den djupe havbotnen. Dei fleste av desse er i Stillehavet og i Atlanterhavet sør for Azorene. Den nye varmekjelda som vart oppdaga i Norskehavet, er verdas nordlegaste.

## Meltzerpris til Øystein Jansen og Mike Kleinert

Meltzerprisen for framifrå forskingsformidling 2008 [gjeikk til Øystein J. Jansen](#) ved Bergen Museum. Mike Kleinert ved Kjemisk institutt [fekk Meltzerprisen 2008 for yngre forskarar](#).

## Bergen marine forskningsklynge

8. januar vart [Bergen marine forskingsklynge](#) oppretta. Dette er eit forpliktande samarbeid blant sentrale aktørar innan marin forskning og utdanning i bergensregionen.

Føremålet er å kunne svare på regionale, nasjonale og globale utfordringar innan klima, miljø, ressursar, teknologi og helse. Leiar for klynga er professor og instituttleiar ved Geofysisk institutt, Peter M. Haugan.

## **Nasjonal forskarskule i klima**

I september vart det klart at Universitetet i Bergen vart [tildelt ein av totalt fem nye nasjonale forskarskular](#). Saman med statusen følgjer 24 millionar kroner over ein åtte år.

Professor Tore Furevik skal leia [forskerskulen](#). Den er eit samarbeidsprosjekt med ti nasjonale aktørar i Bergen, Oslo, Tromsø og Svalbard.

Målet er å skapa ein ny generasjon klimaforskarar med både breidde- og djupneforståing av klimaproblematikken, med gode nasjonale og internasjonal nettverk, og med trening i overførbare ferdigheiter som til dømes prosjektstyring, formidling og etikk.

## **Klasserom på drivisen**

Gjennom [polarårprosjektet "Klasserom på drivisen"](#), leia av professor Yngve Kristoffersen ved Institutt for geovitskap, fekk ti elevar i vidaregåande skule og ungdomsskule sommaren 2008 høve til å utføra forskingsprosjekt på drivisen nord for Svalbard.

Målet med prosjektet har vore å fremja interessa for realfag samt å gje elevane verkeleg polarerfaring. Norges Forskningsråd har innvilga ei gjentakning av prosjektet i 2009.

## **Samarbeid med Universitetet i Juba i Sudan**

Det matematisk-naturvitskapelege fakultet har gjennom [NUCOOP-programmet](#) engasjert seg i arbeidet med å bygga opp naturvitskapelege laboratorium og undervisningsprogram ved Universitetet i Juba i Sør-Sudan.

Tanken er at oppbygging og styrking av institusjonar for høgare utdanning vil kunne tryggja freden i landet, etter at dei stridande partane i Sudan underteikna ein fredsavtale i 2005. Dette arbeidet har vore leia av professor Dag Emil Helland ved Molekylærbiologisk institutt.

## **2 disputasar same dag**

Trygve Buanes ved Institutt for fysikk og teknologi disputerte 28. november med [to ph.d.-avhandlingar på same dag](#). Den eine var om hydratar, den andre om partikkelfysikk.

## Nytt laboratorium og presentasjon av verdas første atommikroskop

Bodil Holst ved Institutt for fysikk og teknologi vart i 2006 tildelt 8 millionar kroner frå Bergen Forskningsstiftelse. Dette har Holst nytta til å bygga opp eit nytt laboratorium ved instituttet, og den 5. mai var det offisiell opning.

Samstundes presenterte Holst [verdas første atommikroskop](#), som opnar for ei rekkje nye moglegheiter innan mellom anna nanoteknologi.

## UiB-teknologi på veg til månen

Den 22. oktober vart satellitten Chandrayaan-1 skoten opp frå India mot månen.

Eit av instrumenta om bord på Chandrayaan-1 er eit infraraudt spektrometer (SIR-2), som har vorte [utvikla og produsert ved Institutt for fysikk og teknologi](#). Dette instrumentet skal nyttast til å bestemma den kjemiske samansetjinga av overflata på månen.

## ECT

17. og 18. april vart [konferansen ECT](#) (energy, climate, technology) arrangert for fyrste gong. Dette skal vera ein årleg konferanse og ein møteplass for å diskutera løysingar på dagens energi- og klimautfordringar.

Fakultetet er sentralt inne i planlegging og gjennomføring. Blant andre Tore Furevik (Geofysisk institutt /Bjerknessenteret), Geir Anton Johansen (visedekan ved matnat og professor ved Institutt for fysikk og teknologi), og Birgitte Falch (Bjerknessenteret) er med i programkomiteen.

## Tron Frede Thingstad - ISI "Highly cited"

I 2008 fekk UiB sin fyrste ISI "Highly cited" forskar, då professor [Tron Frede Thingstad](#) ved Institutt for biologi kom med på den ærefulle lista i kraft av å ha vorte sitert veldig mange gonger.

## Artiklar i [Science](#) og [Nature](#)

- C. Schleper. Microbial ecology: Metabolism of the deep. Nature. 2008 Dec 11;456(7223):712-4.
- Kausrud Kyrre L., Atle Mysterud, Harald Steen, Jon Olav Vik, Eivind Østbye, Bernard Cazelles,
- Erik Framstad, Anne Maria Eikeset, Ivar Mysterud, Torstein Solhøy & Nils Chr. Stenseth 2008. Linking climate change to lemming cycles. Nature 456: 93-98
- Kleiven H.F., Kissel C., Laj C., Ninnemann U.S., Richter T.O. & Cortijo E., 2008. Reduced North Atlantic deep water coeval with the glacial Lake Agassiz freshwater outburst. Science, 319, 60-64.
- Kleiven H.F., Kissell C., Laj C., Ninnemann U.S., Richter T. & Cortijo E., 2008. Freshwater forcing: will history repeat itself? Reply to Clark P.U. et al., Science, 320, 316-317.

- Thingstad T. F., R. G. J. Bellerby, G. Bratbak, K. Y. Børsheim, J. K. Egge, M. Heldal, A. Larsen, C. Neill, J. Nejstgaard, S. Norland, R.-A. Sandaa, E. F. Skjoldal, T. Tanaka, R. Thyrhaug & B. Töpper 2008. Counterintuitive carbon-to-nutrient coupling in an Arctic pelagic ecosystem. *Nature* doi:10.1038/nature07235
- van Leeuwen, Jacqueline F. N., Cynthia A. Froyd, W. O. van der Knaap, Emily E. Coffey, Alan Tye, and Katherine J. Willis 2008. Fossil Pollen as a Guide to Conservation in the Galápagos. *Science* 322: 1206.

# Det medisinsk-odontologiske fakultet

2008 har vore eit spanande år for Det medisinsk-odontologiske fakultet. Me ser allereie at samanslåinga gjev eit godt grunnlag for å vidareutvikla tverrfagleg samarbeid mellom ulike studieprogram og forskingsmiljø.



Det medisinsk-odontologiske fakultet

## Nybygg

Med statsbudsjettet for 2009 fekk fakultetet endeleg den gledelege meldinga om at [bygginga av nytt odontologibygge kan setjast i gang](#). Bygget er planlagt ferdig til studiestart 2012. Nye moderne lokale vil føre til eit stort lyft for dei odontologiske fagmiljø og ikkje minst for odontologistudentane sitt fysiske læringsmiljø. Det må òg nemnast at arbeidet med nytt laboratoriebygg har gått etter planen med innflytting våren 2009.

## Resultat frå studie og forskning

Samanlikna med tidlegare år har fakultetet i 2008 hatt ein jamn produksjon av kandidatar frå våre helsefaglege profesjons-, bachelor- og masterutdanningar. Fakultetet har i tillegg hatt ein auke i nye doktorgradsavtalar og rekrutteringa til forskarlina på medisin går i positiv retning.

[Masterstudium i klinisk ernæring](#) hadde sitt fyrste opptak til hausten 2008. Studiet vil verta eit profilert og viktig tilbod i vår studieportefølje.

I arbeidet med å kvalitetssikra og vidareutvikla våre studium har fakultetet oppnemnt programsensorar for kvart av våre studieprogram. Programsensorane er eksterne fagpersonar og skal gjennomføra evaluering av studieplan, læringsmetodar og læringsutbyte.

Fakultetet sette ny rekord i avlagde doktorgrader med heile 90 kandidatar mot 55 i 2007. I tillegg har fakultetet hatt ein auke i publikasjonspoeng (403,3) samanlikna med året før, og ein auke i publisering på nivå 2.

I samband med forskarutdanning arbeider fakultetet målretta opp mot handlingsplan for forskarutdanning, blant anna gjennom oppretting av programutval for forskarutdanning.

## Scientific Advisory Board

Fakultetet har i budsjettet sett av midlar til implementering av Scientific Advisory Board (SAB). SAB skal gje instituttleiara faglege råd kring strategi og prioritering for forskingsgruppene ved instituttet. Målet er at SAB skal vera sett saman av topprangerte internasjonale forskarar.

I 2008 var det sett av midlar til pilotprosjekt ved to institutt. Me skal gjennomføre ein evalueringsrunde før me innfører ordninga ved fleire institutt.

Evaluering av organisering med tematiske forskingsgrupper (Loci)

Våren 2008 oppnemnde fakultetet ein komité med både interne og eksterne medlemmar for å evaluere Loci-organiseringa ved det tidlegare Medisinske fakultet. Loci er nettverk av forskingsgrupper som samarbeidar.

Det vart konstatert at Loci i varierende grad har oppfylt intensjonane som låg til grunn ved utlysing og etablering.

Arbeid med ny strategisk plan for fakultetet har teke til i 2009, og det vert då lagt føringar for organisering av forskinga. Eventuell endra organisering av forskinga må òg omfatta noverande Loci.



Feiring av statsbudsjett og grønt lys for nytt odontologibygget, bak f.v.: Jan Georg Tangenes (underdirektør) og Per Omvik (dekanus). Foran f.v.: Anja Nyland Simensen (leder, fagutvalget), Sigmund Grønmo (rektor), Ben Holan (NSU-leder, Bergen), Hildur Søhoel (avdelingsdirektør), Magne Raadal (visedekan). Foto: Paul S. Amundsen

# Det psykologiske fakultet

Fleire forskarar, prisar til tilsette og nye, spanande studieprogram er blant høgdepunkta i 2008.



Bibliotek for psykologi, utdanning og helse Foto: Tarje Sælen Lavik

## Utdanning

Det psykologiske fakultet har dei siste åra vore prega av sterk vekst i studietilbodet. I 2008 har vi lagt vekt på å konsolidere og evaluere porteføljen framfor å etablere nye tilbod.

### *Nye studieprogram*

I år ønskjer vi å trekke fram eit av dei nyetablerte programma: I juni 2008 vart første kull av mastergradstudentar i [arbeids- og organisasjonspsykologi](#) uteksaminert.

Alle studentane fullførte på normert tid. Studentane har fått delta i pågåande og nye FOU-prosjekt, og gjennom ordninga med sommarstipend og eit aktivt samarbeid med vitskaplege tilsette har fleire av masterstudentane også skrive faglege publikasjonar utanom det obligatoriske studieprogrammet. Ei spanande og høgst ønskt utvikling!

I tillegg til førelesingar og seminar har dette masterstudiet også lagt vekt på ein praksiskomponent, der studentane under rettleiing i grupper har fått erfaring med å arbeide som konsulentar på eit avgrensa prosjekt. Praksisprosjektet har fått namnet "Studentfirmaet". Det har vist seg å vere eit vellukka tiltak som også har fått lovord frå dei eksterne verksemdene som har brukt studentane i sin organisasjon. At det nye masterstudiet vert opplevd som ei relevant utdanning vert stadfesta av at heile 7 av 19 studentar per i dag har fått tilbod om fagleg relevante stillingar allereie 2 månader før studiet er avslutta.

### *Organisasjon*

Fakultetet innførte i 2007 ei ny organisasjonsform utan institutt, og det har difor vore sterkt fokus på innarbeiding av ny styringsstruktur på utdanningssida. Evalueringa av organisasjonsforma er eit viktig arbeid som vi starta i 2008. Vi er midt inne i den prosessen no.

## Forskning

Fakultetet har no 13 forskingsgrupper som samla omfattar alle vitskaplege tilsette. Gruppene rapporterer mellom anna om utstrakt samarbeid, både nasjonalt og internasjonalt, og høg aktivitet både når det gjeld publisering og å skrive søknader.



Scientific Advisory Committees, som består av vitenskaplege tilsette frå andre institusjonar, er etablert for alle gruppene. Desse bidrar med tilbakemeldingar på strategival, rettleiing og med å styrke internasjonale kontaktar og nettverk.

#### *Tid til forskning*

Fakultetet har i 2008 halde fram arbeidet med å leggje til rette for samanhengande tid til forskning. Som eit ledd i dette er det innført undervisningsrekneskap som eit planleggingsverktøy til programstyra. Målet er å kunne leggje til rette for fleksible løysingar som tek omsyn til både undervisningsplikt og forskningstid på ein meir optimal måte.

#### *Forskarskular*

No er Programstyre for forskarutdanninga vel etablert, og det har ansvar for utvikling og kvalitetssikring av undervisninga knytt til forskarutdanninga ved fakultetet.

Programstyret består mellom anna av forskarskuleleiarane ved fakultetet sine fire forskarskular ([GHIG](#), [WNGER](#), [IGSIN](#) og [CDP](#)). Vi arbeider med konsolidering av forskarutdanninga gjennom desse skulane.

I tillegg deltek to av våre fagmiljø i samarbeid med andre forskarskular som har fått status som nasjonale forskarskular frå Forskningsrådet:

- [NATED: National Graduate School in Educational Research](#)

og

- [Medisinsk bildedannelse](#)

## **Rekruttering og karriereveggar**

Gode rekrutteringsstrategiar er høgt prioriterte. Studentar med særleg talent og interesse kan få forskarerfaring gjennom stipend der arbeidet fører fram til publikasjonar. Det vert også lagt til rette for at master- og hovudoppgåve kan publiserast og brukast som del av doktorgrad.

Alle stipendiatane har solid forankring i forskingsgruppene, og fakultetet har satsa mykje på å etablere klare karriereveggar for dei mest lovande doktorgradskandidatane ved å etablere post.doc. stillingar.

Fakultetet sitt fokus på tidlig rekruttering har mellom anna gjeve seg utslag i eksempla under:

- Tom Eichele vart [tildelt Meltzerfondet sin pris for yngre forskarar](#). Han fekk prisen for framifrå arbeid om hjernen si bearbeiding av sensorisk informasjon.
- Under arrangementet "The 10th International Congress of Behavioral Medicine" i 2008 vart Børge Sivertsen som ein av sju unge forskarar frå heile verda tildelt foreininga sin "Early Career Award".
- Simon Øverland vart Årets doktorand på Norsk psykologforening sin kongress i august.

Fakultetet har dei seinare åra hatt stor vekst i talet på stipendiatar som vert tatt opp i fakultetet sitt forskarutdanningsprogram. Mot slutten av året var det registrert 132 kandidatar i programmet.

Fakultetet har satsa mykje på 'internasjonalisering heime' ved å sikre framifrå internasjonal kompetanse som rettleiarar (professor II-stillingar) i forskarutdanninga og som samarbeidspartar i forskargruppene.

Fleire av fakultetet sine tilsette har vore aktive i [Bergen Summer Research School](#), og tilbakemeldingane har vore gode. I tillegg har forskingsmiljøet knytt til [Hemil-senteret](#) arrangert sin eigen sommarskule som også fekk gode evalueringar.

## **Formidling**

I tillegg til brei vitenskapleg publisering har mange av fakultetet sine forskarar vore aktive i populærvitenskapleg formidling i media og produksjon av ei rekke nye lærebøker innafor psykologi og pedagogikk.

Ein av fakultetet sine professorar, Frode Thuen, vart tildelt Åsa Gruda Skard sin minnepris.

## **Likestillingstiltak**

Fakultetet har halde fram sitt arbeid i 2008 med fleire individualiserte og kompetansehevande tiltak retta mot fast tilsette kvinnelege forskarar.

Ved fakultetet er 32 % av dei tilsette professorane kvinner, noko som er blant dei høgaste andelane ved UiB.

# Det samfunnsvitenskaplege fakultet

Studentmiljøet ved SV-fakultetet peiker seg ut med sterkt fagleg og sosialt engasjement og mange aktive studentorganisasjonar. Solid forskingsaktivitet i fagmiljøa og stor internasjonal orientering er andre kjenneteikn ved læringsmiljøet.



Det nye biblioteket samlar gamle og nye informasjonskjelder i eit spanande læringscenter.



Studentar ved SV-fakultetet blir oppmoda om å engasjera seg i studentpolitikken.



Glede og høgtid prega den første vitnemålseremonien for bachelorkandidatar.

Det samfunnsvitenskaplege fakultetet har eit studentmiljø med aktive og engasjerte studentar og eit breitt spekter av tilbod.

Fire ulike studentorganisasjonar har vore drivkreftene bak denne utviklinga. Studentutvalet har sett viktige studentpolitiske saker på dagsorden i ulike styringsorgan.

Fakultetet har òg eit eige forum for dialog med studentrepresentantane – Studentforum. [Samfunnsviternes arbeidslivsutvalg](#), SAU, arrangerer kvart år ein arbeidslivsdag med eit stort spekter av bedriftspresentasjonar, stands og paneldebatt om arbeidsmarknaden for samfunnsvitarar. Utvalet arbeider også med å utvikle konsept for kontakt med uteksaminerte kandidatar gjennom Alumnusgruppa.

I [Samfunnslogen](#) er det dei sosiale sidene ved studenttilværet som står i fokus, som til dømes 17. mai lunsj, musical-aften og "ukritisk fest" i samband med fagkritisk dag. Revygruppa har utvikla SV-revyen til å bli ein årleg tradisjon.

## **Først ut med vitnemålsseremoni for bachelorkandidatane**

Studentorganisasjonane var også positive samarbeidspartnarar då fakultetet for første gong arrangerte vitnemålsseremoni for å gratulere studentane med oppnådd grad. Dette vart ein høgtidsstemd seremoni i det nye Studentsenteret med frammøte av kandidatar, familie og vener. Vitnemålsseremonien markerte òg at bachelorutdanninga er sjølvstendig, kompetansegejvande utdanning. Arrangementet vart godt tatt imot av studentane, familie og tilsette ved fakultetet, og det vil bli ein fast tradisjon.

## **Nytt bibliotek – læringscenter**

I oktober vart [Bibliotek for samfunnsvitskap og musikk](#) opna, etter 10 års planlegging og to år med byggjearbeid. Med ny fasade, nytt interiør og moderne fasilitetar har studentane fått eit læringscenter i ordets rette tyding. Dette var eit løft for læringsmiljøet for studentane, men også for det internasjonale forskingsmiljøet ved fakultetet.

## **Best på internasjonalisering**

Fakultetet legg til rette for internasjonalisering av studia gjennom utvekslingsavtalar som er baserte på forskingsnettverk. Dette har ført til at mange utanlandske studentar studerer ved vårt fakultet, og mange av våre studentar får høve til utanlandsopphald som del av studiet.

På dette feltet hevdar SV-fakultetet seg mellom dei fremste i landet og [fekk i 2008 Ugleprisen](#) for godt studiekvalitets- og utviklingsarbeid.

Alle institutta har avtalar med fleire samarbeidsuniversitet i utlandet som sikrar eit høgt fagleg nivå. På bachelorprogrammet i utviklingsstudiar skal alle studentane ha eit semester med obligatorisk opphald i sør. Scandinavian Area Studies (SAS) tek imot ein stor del av dei innreisande studentane på lågare grad. Sosiologisk institutt har samarbeid med University of California Berkeley for studentar både på bachelor- og masternivå. Samanliknande politikk tilbyr ordinære kurs på engelsk både på bachelor- og masternivå.

## **Rekordmange nye doctores**

2008 var eit rekordår for avlagde doktorgradar ved UiB, også for Det samfunnsvitskaplege fakultetet. Heile 27 nye doktorar vart kreerte. For fyrste gong på fleire år var kvinnene i fleirtal blant kandidatane – 18 kvinner og 9 menn fekk tildelt doktorgraden ved SV-fakultetet.

## **Gode forskarar og formidlarar ved fakultetet**

Professor Terje Tvedt ved Institutt for geografi [fekk pris for beste tv-dokumentar](#) med serien "En reise i vannets fremtid", professorane Gunnar og Randi Håland [mottok Kongens fortjenestemedalje i gull](#), mellom anna for det store arbeidet dei har gjort for norsk utviklingsforskning, professor Kari Wærness [fekk Sosiologforeninga sin heiderspris](#), postdoktor Ove Skarpenes [fekk Universitetsforlaget's tidsskriftpris](#) for artikkelen Den "legitime kulturens" moralske forankring, stipendiat Hallvard Moe [vann artikkelkonkurransen](#) som NRK og Norsk medietidsskrift lyste ut som del av 75-årsjubileet for NRK med artikkelen *Morgendagens NRK: Allmenntidsvirksomhet*, og professor Anders Johansen ved Institutt for informasjons- og medievitenskap [vart tildelt Språkprisen 2008](#), som er Språkrådets pris for framifrå bruk av norsk språk i sakprosa.

## **Kulturarv og politisk nyskaping i Oceania**

Ved Institutt for sosialantropologi vart det i 2008 starta opp eit stort fireårig forskingsprosjekt med finansiering frå Forskningsrådet. Professor Edvard Hviding er prosjektleiar, og prosjektet skal utførast av forskargruppa [Bergen Pacific Studies Research Group](#).

Prosjektgruppa er internasjonal og tel 19 forskarar med 21 delprosjekt. Fleire universitet i Asia, USA og Europa er partnerar, i tillegg til British Museum og fleire nasjonalmuseum i Stillehavsregionen. Prosjektet har tittelen *Pacific Alternatives: Cultural Heritage and Political Innovation in Oceania*, og forskargruppa skal studera samanhengar mellom oppfatningar av kulturarv og framvekst av nye politiske former som svar på utfordringar som vert skapte av ein global politisk økonomi.

# Bergen museum

Opning av den nye Japanhagen i Botanisk Hage på Milde, stor aktivitet innan museet sine kjerneaktivitetar, stortingsmeldinga "Tingenes tale" og Riksrevisjonen sin rapport om bevaring og sikring ved statlege museum. Dette er nokre av høgdepunkta ved Bergen Museum i 2008.



Frå den internasjonale vandreutstillinga "Deeper than light". Foto: Anne Aspen



Bergen Museum



Frå utstillinga "Pollen - så lite - så stort", som opna 29. november.

I tillegg hadde me i 2008 ei rekkje nye eigenproduserte utstillingar, stor bokproduksjon, god tilvekst og mykje utlån frå dei vitenskaplege samlingane og ei rekkje publikums- og skulearrangement. Samtidig viste besøkstala noko nedgang i forhold til året før, etter ein stor vekst gjennom fleire år.

## "Tingenes tale"

I mars 2008 vart [Stortingsmelding nr 15 om universitetsmusea – "Tingenes tale"](#) - lagt fram av Kunnskapsdepartementet. Nesten samtidig kom Riksrevisjonen sin andre rapport om bevaring og sikring av samlingane ved statlege museum. Dette er viktige dokument som gir føringar for museet si verksemd for dei neste åra. I løpet av 2008 har museet arbeida vidare med sikring og bevaring av de ulike samlingane i magasin

og utstilling gjennom blant anna konserveringsarbeid, innreiing av gamle og nye magasinlokale og oppussing av lokale.

## **Japanhagen - ein ny attraksjon**

Den 20. mai 2008 ble ferdigstillinga av [Japanhagen](#) markert med ein høgtideleg seremoni i Botanisk hage på Milde. Om lag 150 inviterte deltok, blant dei den japanske ambassadøren Hisao Yamaguchi, der omvisning av hagens arkitekt Haruto Kobayashi var en viktig del av arrangementet.

Dette er ein hage for vennskap og forståing mellom to land - ein norsk-japansk vennskapshage. Med den japanske hagen ønskjer Bergen Museum å formidle kunnskap om japansk hagekultur og japanske planter tilpasset norsk natur. Det tok tre år å etablere Japanhagen. Året for oppstarten, 2005 var ei markering av 100-årsjubiléet for unionsoppløysinga, og Japan var tidlig ute med å anerkjenne Norge som en sjølvstendig nasjon.

## **Formidling – nye bøker og utstillingar**

### *Bøker*

I 2008 vart det utgjeve ei rekkje populærvitskapelege publikasjonar med museet sine tilsette som forfattarar eller medforfattarar. Av desse er blant anna bøkene "De første 200 årene - nytt blikk på 27 skandinaviske middelalderbyer", "Children, identity and the past", "Geologi; stein, mineraler, fossiler og olje", "Til jordens ender - fortellinger om norsk misjon", "Dypere enn lyset - Deeper than Light" og det store bokverket om Folgefonna og fjordbygdene.

I tillegg kjem museet sine årlege publikasjonar "Årringen" og "Årbok for Bergen Museum", i tillegg til fleire populærvitskapelege artiklar av museet sine tilsette.

### *Utstillingar*

Tre nye, eigenproduserte utstillingar vart opna i 2008 som dekkjer tema innan arkeologi, kulturhistorie og botanikk. Steinalderutstillinga "[Den lengste historien - kort fortalt](#)" opna i april og presenterer den lengste delen av vestlendingen si historie; dei fyrste 7000 år.

Prosjektet "[Til Jordens ender](#)" er eit samarbeid mellom Bergen Museum/ Universitetet i Bergen og Bergen Bymuseum og gir ein presentasjon av den norske misjonsrørsla. Prosjektet omfattar i alt fire utstillingar. Som ein del av dette opna Bergen Museum den 30. mai utstillinga "Jeg tillader mig at sende en gasserbylt." Denne tar utgangspunkt i museet si eige Madagaskarsamling.

27. november opna "[Byens ansikt - portrett av Bergen 1580 – 1748](#)" i Dei kulturhistoriske samlingane. Utstillinga viser utviklinga av Bergen blant anna ved tre store byportrett.

Utstillinga "[Pollen - så lite - så stort](#)" opna 29. november. Utstillinga om botanikk og pollen er gjort tilgjengeleg for både studentar og publikum, blant anna gjennom store tredimensjonale modellar og bilete av pollenkorn.

I tillegg mottok museet i 2008 utstillinga "Under våre føtter - livet i jorden", ei vandretstilling om det underjordiske livet av småkryp som var produsert av Museet for Naturhistorie Görlitz i Tyskland.

Bergen Museum si egne internasjonale vandretstilling "[Dypere enn Lyset](#)", held i 2008 fram si internasjonale turnering med visningar i Oslo, Aberdeen, Bergen og Valencia.

### *Besøk*

Vel 60 000 besøkjande var innom Dei kulturhistoriske og Dei naturhistoriske samlingane i 2008. Etter ein sterk auke dei siste åra var det en nedgang i publikumstalet på 7000 i forhold til året før.

Utanom dette kjem eit stort tal besøkjande til dei botaniske anlegga Musehagen og Arboretet og Botanisk Hage på Milde, anslagsvis rundt 190.000 besøkjande.

Talet på elevar som deltok i pedagogiske opplegg auka derimot med 2000 frå året før. I 2008 deltok 12 242 elevar i tilrettelagte pedagogiske opplegg innan både natur- og kulturhistorie.

Bergen Museum tilbyr no 21 ulike undervisningsopplegg i tillegg til lærarkurs, nettutstillingar med meir.

24 ulike publikumsarrangement vart gjennomført i 2008. Fleire av desse er årvisse arrangement retta mot familiar slik som Natt på Muséet, Arkeologisk dag, Insektlaboratorium, Arboretets Dag, Vår i Muséhagen, Valborgsmesse, Fuglenes Dag, Fiskens Dag, Kultursøndag, Halloween, Steindagen, Soppdagen, Inn i varmen og Forskningsdagene (En drømmedag på Bergen Museum). I tillegg vart det arrangert ein serie foredrag på kveldstid.

## **Nye forskingsmetodar gir ny kunnskap**

Den biologiske forskinga ved De naturhistoriske samlinger foregår innan tre forskingsgrupper; biosystematikk, paleobiologi og molekylærsystematikk/fylogeni.

Feltarbeid for systematisk forskning vart mellom anna gjort i Amazonas (fjærmygg), i Ussuri-området (biller) og i Alaska (lav). Store samlingar av marine dyr er mottatt frå prosjekt i Norskehavet og Barentshavet. I 2008 vart det beskrive 27 nye artar og 2 nye slekter av fjærmygg frå Asia, Afrika og Latin-Amerika. Lavmaterialet innsamla frå Alaska inneheld mange nye artar for vitskapen som vil bli publisert i åra framover.

Bruken av molekylærsystematiske metodar har gitt ny innsikt i problemstillingar som har vore vanskelege å utrede med tradisjonelle morfologiske metodar. Det viste seg blant anna at den gåtefulle "[Berlevågfishen](#)" som berre var kjent frå Nord-Norge, var same arten som Alaska-lyr, som finst i de nordlege delen av Stillehavet.



Bergen Museum har store paleobiologiske samlingar som gir eit stort grunnlag for forskingsarbeid. I 2008 vart det mellom anna arbeidd med analyse av genetiske endringar i reinbestandar, kartlegging av utbredeshistoria i Norge av svin, hjort og svart rotte. I tillegg blir det forska på fiskeria si betydning i yngre jernalder og middelalder. I studiar av fortidas miljø og klima er subfossile fjærmygg brukt som indikatorar, og studiar av pollenavsetingar, diatomeer og miljøkjemiske data frå overflatesediment i ulike vatn er nytta for å rekonstruere tidlegere tiders miljøforhold, landskap og driftsformer. Forsking innan geologi har foregått i tett tilknytning til dei geologiske forskningsmiljøa ved Det matematisk- naturvitskaplege fakultet.

## **Kyrkjeportalar og andre utlån frå dei vitskaplege samlingane**

Det var i 2008 ein god tilvekst til og ein stor utlånsaktivitet frå dei vitskaplege samlingane, både innan kultur- og naturhistorie. Spesielt har det vore ein del større utlån frå De kulturhistoriske samlinger til ulike mottakarar i inn- og utland. Blant anna kan me nevne utlån av kyrkjeportalar frå Ulvik stavkyrkje til Musée de Cluny i Paris, arkeologisk materiale til utstillinga "Die Wikinger" ved Historisches Museum der Pfalz Speyer, og arkeologisk materiale til utstillinga "Solens reise" ved Arkeologisk Museum i Stavanger. I tillegg kjem ei rekkje mindre utlån av materiale til blant anna Bergen Bymuseum / Bryggens museum med meir.

Ved Dei naturhistoriske samlingane har dei ulike biologiske samlingseiningane hatt ein bra tilvekst i 2008, og utlånsaktiviteten til forskarar i inn- og utland har vore stor ved alle samlingseiningane. Ikkje alt materiale lar seg låne ut, og museet hadde besøk av gjesteforskarar frå utanlandske institusjonar som jobba med materiale frå samlingane.



Frå Japanhagen på Milde.

# IT-avdelinga

IT-avdelinga har framleis ein nokså ny organisasjon etter omorganisering og sentralisering i 2005/2006. I 2008 har me difor jobba mykje med å utvikle oss vidare, både når det gjeld nye tenester og utvikling av sjølve organisasjonen.



IT-avdelinga har sentral drift av meir enn 8000 PCar ved universitetet.

Me har også arbeidd for å korte nedetida etter større driftsstansar, og me har gjennomført ein IT-risikoanalyse for å betre tryggleiken.

## Om avdelinga

IT-avdelinga, ITA, skal levere IKT-tenester som støttar opp under forskning, undervisning og formidling ved UiB.

I 2006 vart det meste av IKT-verksemda ved UiB sentralisert. ITA vart sett saman av IT-tilsette ved fakulteta og tilsette ved den gamle IT-avdelinga.

Den nye avdelinga har 91 tilsette fordelt på desse seksjonane:

- Brukarstøtte (32)
- Infrastruktur (29)
- Applikasjonar (22)

Administrasjonen har åtte tilsette. Brukarstøtte har i tillegg 40 timeløna PC-vakter. Dei hjelper studentar, og arbeidar med drift av PC-stover og audiovisuelt utstyr i undervisningsromma.

## Organisering av arbeidet

I perioden etter omorganiseringa har ITA lagt mykje ressursar for å bli ein meir profesjonell leverandør av IKT-tenester til UiB. Vi har vore opptekne av konsolidering og utvikling av den nye avdelinga. ITA har hatt fleire samlingar med fokus på organisasjonsutvikling for dei tilsette, ofte med eksterne forelesarar og instruktørar.

Fleire av IKT-tenestene som fakulteta og institutta tidlegare hadde ansvaret for, samt dei sentrale IKT-tenestene, skulle no leverast av ITA. Slike prosessar krev mykje tid.

Presisering av ansvar og oppgåver har stått sentralt. Den nye avdelinga skulle finne sin plass i UiB-organisasjonen.

I juni 2008 fekk ITA fast tilsett IT-direktør etter ein periode med fungeringsordningar.

## **Drift**

ITA har ansvaret for drift av UiB sin IT-infrastruktur. Det vil mellom anna seie nettverk, e-post, heimekatalogar, lagring, sikring og telefoni.

I tillegg driftar ITA fleire av UiB sine administrative system.

UiB har innført Pullprint for alle studentar og for ein del av dei tilsette. Dette betyr mellom anna at ein må logga på med sitt personlege UiB-kort for å ta ut utskrifter på ein skrivar.

Serverane har operativsystema Unix/Linux (Solaris, Red Hat og FreeBSD) og Windows (versjon 2000 og 2003). ITA er opptatt av virtualisering av serverar. Det inneber ein meir effektiv måte å utnytte dataressursar på, og gir fleksibilitet, innsparingar og miljøgevinstar. Fleire Linux- og Windows-serverar er virtualiserte. ITA driv totalt over 200 fysiske eller virtuelle serverar.

## **Standardiserte PC-oppsett**

ITA har sentral drift av om lag 7500 PCar med operativsystemet Microsoft Windows XP og 600 med Fedora Linux.

Pakking av programvare er ei av tenestene som vert levert på Windows. Pakking betyr tilpassing for automatisk installasjon av program for UiB sine brukarar. Ved utgangen av 2008 var cirka 1000 frie og lisensierte programvarer pakka for distribusjon. På Linux blir all programvare og alle oppdateringar henta ned frå leverandøren og deretter tilpassa og distribuert vidare frå lokale serverar.

## **Utvikling av nye tenester**

Mange tilsette arbeider med å utvikle IKT-tenester, der mykje blir gjort i fri programvare og opne standardar.

UiB har lansert ein ny eksternvev. Den er utvikla i fri programvare av eit eksternt selskap saman med Formidlingsavdelinga. Frå 2009 skal nettsidene bli ført vidare av UiB. Universitetet har ei bevisst haldning til både opne standardar og fri programvare. Når nye løysingar blir vurderte, vil opne standardar og fri programvare, så langt det er formålstenleg, bli valt først.

## **Datahjelp**

Brukarstøtte er ei sentral og viktig oppgåve for ITA. I 2008 hadde vi i snitt om lag 500 brukarstøttesaker per veke.

Seksjon for brukarstøtte har eigne grupper som tar seg av førstelinjestøtte til tilsette og studentar, samt drift av klientmaskiner og skrivarar.

## **Slik organiserer me arbeidet**

IT-drifta blir organisert i prosessar som gjer greie for roller, arbeidsflyt, ansvarsdeling og reglar. Mellom anna vert rammeverket ITIL, IT Infrastructure Libray, brukt som ei rettesnor i dette arbeidet.

I arbeidet med å utføre prosessane bruker ITA eit webverktøy som er basert på fri programvare. Verktøyet blir mellom anna brukt til registrering av IT-saker for brukarstøtte.

Problem eller forespørslar til brukarstøtte vert registrert av brukarane sjølve eller av dei som er på vakt i brukarstøttesenteret BRITA. Den underliggende prosessen syter for at sakene går inn i ein fastlagt arbeidsflyt. Brukarane får automatisk tilbakemelding om status.

Arbeidet med prosessutvikling skjer fortløpande ved ITA.

## **Sikkerheit**

ITA har sterkt fokus på sikring av IKT-tenestene. I 2008 har me gjennomført ein IT-risikoanalyse.

Ein IT-teknisk revisjon av UiB sin IT-infrastruktur skal gjennomførast i 2009.

I 2008 starta ITA arbeidet med å utvikle ei kontinuitetsløysing for dei mest sentrale IKT-tenestene. Målet er at tilsette og studentar raskare skal kunne få tilgang til dei viktigaste IKT-tenestene dersom den sentrale datahallen vert råka av til dømes brann.

Kvart år arrangerer ITA ein IT-konferanse. I 2008 var konferansen på Voss. Meir enn 100 deltakarar frå UiB, UH-sektoren og andre var på plass.

# Universitetsbiblioteket

Universitetsbiblioteket har i 2008 satsa vidare på digitale kjelder i form av litteratur, dokument og fotografi til undervisning, forskning og formidling ved UiB. Studentar og forskarar svarer med auka bruk av både desse og andre ressursar ved biblioteket.



Universitetsbiblioteket ved HF-fakultetet. Foto: Paul Sigve Amundsen

## Det digitale biblioteket

Universitetsbiblioteket har i 2008 halde fram arbeidet med å vidareutvikle dei digitale tenestene:

- Talet på elektroniske tidsskriftabonnement er utvida frå 13.070 i 2007 til 13.925 i 2008.
- Talet på vitenskaplege publikasjonar produserte ved UiB som er gjort tilgjengelege i det digitale institusjonelle publiseringsarkivet [BORA](#) har auka med 520 i 2008. Samla tal på dokument frå UiB i BORA er no 2.256. Av dette utgjer fagfelleverderte materiale 46 prosent, eit høgt nivå for eit institusjonelt arkiv.
- Digitalisering og publisering av eldre verdifulle samlingar på Internett har halde fram. Mellom anna er 18.250 bilete og 2.000 manuskript og diplom digitaliserte siste året.
- Bruken av digitale ressursar aukar stadig. Nedlastingar frå nettet av elektroniske fulltekstdokument som UB abonnerer på, erstattar i stigande grad fysiske lån. Talet på slike nedlastingar steig frå 1,15 mill. i 2007 til 1,26 mill. i 2008. I løpet av femårsperioden 2003-2008 er talet på nedlastingar meir enn femdobla. Samla sett vart det ein auke i bruken av UB sine samla litteraturressursar (både trykte og digitale), frå 1,5 mill. i 2007 til 1,63 mill. i 2008, det vil seie ein auke på 8,2 prosent.
- Det er gjort forbetringar og forenklingar i [Bibliotekportalen](#), UB sin søkeportal for elektroniske ressursar, for å gjera den meir brukarvenleg.
- Det er installert utstyr for automatisk utlån og automatisk retur av litteratur ved det nyopna SV-biblioteket. Det finst no slikt utstyr ved to av dei store publikumsavdelingane ved UB. Bibliotek for psykologi, utdanning og helse har også fått utlånsautomat.
- UB har gjennom fleire år arbeidd for at mest mogleg av forskingsresultata skal gjerast fritt tilgjengelege, både nasjonalt og internasjonalt. UB samarbeider på

dette feltet mellom anna med [NORA](#) (Norwegian Open Research Archive), [OAI](#) (Open Archives Initiative) og med Universitets- og høgskolerådet sitt bibliotekutval. UB deltek òg i arbeid med å utforme ein politikk for Open Access-publisering ved UiB.

- UB har teke aktivt del i arbeid med å lage ein behovsanalyse i samband med modernisering av den nasjonale elektroniske bibliotekskatalogen BIBSYS.
- UB har brukt mykje tid i arbeidet med å lage nye eksterne nettsider for UiB.

## Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

UB bidreg til UiB sitt satsingsområde "Utviklingsforskning".

Gjennom Senter for internasjonalisering av høgre utdanning har NORAD løyvt 7,6 millionar kroner til prosjektet "Juba University Library Automation Project" ([JULAP](#)) for perioden 2007-2011. Prosjektet vert administrert av UB. Det er eit samarbeidsprosjekt med deltaking frå University of Juba, Sør-Sudan, East African School of Library and Information Science, Makerere University, Makerere University Library, og Høgskolen i Oslo. Målet med prosjektet er å etablere ei bibliotekteneste for forskning og utdanning med relevant fagleg litteratur ved Universitetet i Juba i Sør-Sudan. Prosjektet starta for fullt i 2008.

Mot slutten av året kom det ei ny løyving frå NORAD på 7,3 millionar kroner til prosjektet "Capacity Building in Southern Sudan: Educating Librarians for the Future" (EdLib) for perioden 2008-2012. Dette prosjektet starta så vidt i 2008, men vil kome i gang for fullt frå 2009.

UB har teke initiativ til og starta [Nordic Journal of Information Literacy](#) (NORIL). Dette er eit gratis tilgjengeleg (Open Access) fagfelleverdert tidsskrift med fokus på informasjonskompetanse. Første nummer av tidsskriftet kom ut i mars 2009.

UB deltek også i etableringa av eit ressurscenter for global forskning saman med CMI, og er aktiv i internasjonale organ som [IFLA](#) (International Federation of Library Associations) og [Liber](#) (Ligue des Bibliothèques Européennes de Recherche).

## Kompetanseheving

I samarbeid med fagmiljøa ved UiB har UB arbeidd med å vidareutvikle undervisningsopplegg i informasjonskompetanse til å dekke studentar på alle nivå samt tilsette ved UiB. I tillegg har UB delteke aktivt med å utforme ein handlingsplan for etikk i utdanning ved UiB.

Vidare har biblioteket for fyrste gong utvikla og gjennomført eit UniPed-kurs i samarbeid med og på oppdrag frå Program for universitetspedagogikk. Kurset vil bli ein fast del av deira portefølje.

UB satsar òg systematisk på kompetanseheving for eigne tilsette. Mellom anna er det gjennomført større kurs i informasjonskompetanse og i kommunikasjon. I tillegg har

ein stor del av dei tilsette delteke i studieturar, konferansar, seminar og ulike opplæringstiltak både nasjonalt og internasjonalt.

## **Endringar i leiing og organisasjon**

Kari L. Garnes gjekk av som bibliotekdirektør 31. januar 2008 etter 20 år i stillinga. Randi E. Taxt byrja som ny bibliotekdirektør 1. september. I perioden 01.02.–31.08. var Ole Gunnar Evensen fungerande bibliotekdirektør.

Frå 1. januar vart Biletsamlinga og spesialsamlingane samla til ei avdeling under namnet Avdeling for spesialsamlingar. Den nye avdelinga har òg ansvaret for drifta av UB sitt depotmagasin i Stein Rokkans hus. Dei andre publikumsavdelingane ved UB (dei tidlegare fakultetsbiblioteka) fekk nye namn frå 2008.

Bibliotek for samfunnsvitskap vart opna igjen for publikum i utvida lokale i Fosswinckelsgt. 14 4. august, etter ei ombyggingsperiode på over to år.

To Frida-tilsette vart overflytta til UB i november. Frå 2009 vil dei også bli organisert under UB, og bibliotekdirektøren vert systemeigar for [Frida](#) (Forskningsresultater, informasjon og dokumentasjon av vitenskapelige aktiviteter) ved UiB.

## **Effektivisering av UB si drift**

UB har dei siste åra arbeidd målmedvete for å halde oppe kvaliteten på samlingar og tenester, samtidig som drifta blir effektivisert. Sers høg prisauke på periodika og elektroniske databasar, saman med store svingingar i valutakursar, gjer den økonomiske situasjonen vanskeleg for alle universitetsbibliotek rundt om i verda. UB er ikkje noko unnatak i så måte. Det kan verta vanskeleg å oppretthalda same omfang og kvalitet på tenester og samlingar dersom denne utviklinga held fram.

Universitetsbiblioteket i tal				
	2007	2008	Endring 2007-2008	Endring i prosent
Lån av fysiske dokument	353 300	365 620	12 320	3,5
Nedlastingar av elektroniske fulltekstdokument ("elektroniske lån")	1 151 400	1 263 000	111 600	9,7
Sum fysiske lån + nedlastingar, viser samla bruk av UB sine samlingar/fulltekstresursar	1 504 700	1 628 620	123 920	8,2
Publikumsbesøk	748 910	762 470	13 560	1,8
Utførte årsverk	95,6	92,3	-3,3	-3,5
Rekneskap (i 1 000 kr.) <sup>1)</sup>	104 947,3	107 978,2	3 030,9	2,9
Ordinær tilvekst trykte bøker og tidskrift (i band)	21 640	23 100	1 460	6,7
Tilvekst elektroniske bøker mv. (i band) <sup>2)</sup>	8 200	106 880	98 680	1 203,4
Løpande tidskriftabonnement (unike titlar) <sup>3)</sup>	16 400	16 760	360	2,2
Trykte abonnement	6 530	5 560	-970	-14,9
Elektroniske abonnement	13 070	13 925	855	6,5
Bestand bøker og tidskrift (i band)	1 781 700	1 797 000	15 300	0,9
Katalogisering/konvertering	26 250	25 440	-810	-3,1
<p>1) Departementsfinansiert verksemd, inkl. tilskot frå fakultet og frå Haukeland universitetssjukehus på 2,9 mill. kr. i 2007 og 2,55 mill. kr. i 2008.</p> <p>2) Grunnen til den store auken i tilvekst av elektroniske bøker i 2008 er at UB dette året fekk tilgang til databasen Early English Books Online, som inneheld over 100.000 titlar.</p> <p>3) For ein del tidskrift har UB abonnement på både trykt og elektronisk utgåve. Summen av trykte og elektroniske abonnement er difor høgare enn talet på løpande tidsskriftabonnement.</p>				